

Tabell 2-fk

Innbyggjartilskot til fylkeskommunane 2021 (kap. 572, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at saker med særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 16 i tabell C-fk). Deretter blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga.

Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil derfor ikkje vere klar før i februar 2022. Utgiftsutjamninga og skatteutjamninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øymerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2021 er viste i innleiinga og er omtalt nærare i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2020. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2021.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er om lag 36,9 mrd. kroner. Av dette blir om lag 5,5 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar 1. juli 2020 til alle fylkeskommunane. For 2021 er innbyggjartilskotet før omfordeling (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C) 5 835 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga i utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-fk.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser summen av dei 15 sakene med særskild fordeling i 2021. Fordelinga som kjem fram i kolonnen er nærare dokumentert i tabell C-fk.

Kolonne 4 – Overgangsordning

Kolonne 4 viser overgangsordninga. Fylkeskommunar som får redusert rammetilskotet som følge av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 2/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2021. Fylkeskommunar som får auka rammetilskot etter endringane, får

redusert auken med 2/4 i 2020. Sjå tabell B-fk for nærare dokumentasjon av overgangsordninga.

Kolonne 5 – Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning

Kolonne 5 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2021, i alt 36,916 mrd. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, sakene med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.